



Karmøy kommune  
Postboks 167  
4291 KOPERVIK

Kontakt saksbehandlar

Ragna Stakland Svela, 51568723

## Høyringsuttale - endring plan 1030 - bustadar og kontor på gnr/bnr 44/9 m.fl. i Karmøy kommune

Viser til brev datert 08.08 2019 – forslag til endra reguleringsplan for del av gnr/bnr 44/9 i Skudeneshavn. Målsettinga med planarbeidet er å leggja til rette for oppføring av bustadar for personar med spesielle omsyn i eit leilegheitsbygg der det òg kan settast av areal til kontor for omsorgspersonell.

Arealet inngår i reguleringsplan for Nylund, godkjent i 1969. Det er søkt om at del av gnr/bnr 44/9 blir endra frå offentleg formål til bustad/tenesteyting i kombinasjon. Det var til nyleg ein kommunal fleirmannsbustad med låg bygningsmessig standard på tomta.

Administrasjonen i Karmøy kommune har valt å handtera saka som delegert sak. Kommunalsjef teknisk tilrår at endringa det blir søkt om blir sett på som ein mindre reguleringsendring og handtert i samsvar med føresegna i plan- og bygningslova § 12-14.

Fylkesmannen er einig i kommunen si tilråding, og har ikkje vesentlege innvendingar mot endringane det er søkt om.

Med helsing

Knut Harald Dobbe  
plankoordinator

Ragna Stakland Svela  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune Postboks 130 4001 Stavanger